

ARDANGERBRUA  
w.hardangerbrua.no



# Årsmelding 2013



Hardangerbrua As vart stifta 8.januar 1987 av kommunane: Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik, Voss.

## **Selskapet sin føremålsparagraf:**

*”Selskapet sitt føremål er bygging av bru over Hardangerfjorden med tilførselsvegar på begge fjordsider. Selskapet skal også stå for finansiering av den delen staten ikkje tek.”*

## **Hardangerbrua As vil bidra til:**

- levande bygder i Indre Hardanger
- binde Hardanger saman
- betre tilhøva for trafikken aust-vest og nord-sør
- styrke banda mellom Bergen og Hardanger

## **Årsmøte**

Ordinær generalforsamling vart halde på prosjektkontoret i Vallavik, 30.mai 2013. Handsama vanlege årsmøtesaker som godkjenning av årsmelding og rekneskap.

## **Styremøter**

Styret har hatt 4 ordinære møte, og handsama 39 saker i løpet av året.

## **Kontaktutvalgsmøter**


Iflg. bompengeavtalen skal det opprettast ei kontaktgruppe (kontaktutvalg) med representantar frå regionvegkontoret og selskapet. Føremålet med denne gruppa er gjensidig informasjon. I byggeperioden skal regionvegkontoret senda månadlege rapportar om framdrifta i utbygginga.

Det er i året avhelde 2 ordinære kontaktutvalgsmøte. I tillegg eit fellesmøte den 12.desember med styret som eit avsluttande møte sidan brua no er ferdig og opna for trafikk.

## Styreleiing


Einar Lutro tok over som styreleiar etter omframt årsmøte 10.februar 2004. Og har med nemninga arbeidande styreleiar overteke funksjonen både til styreleiar og dageleg leiar. Det er inngått avtale om økonomisk kompensasjon mellom styret og Einar Lutro.

Kontor- og forretningsadresse er 5781 Lofthus i Ullensvang Herad.



**Einar Lutro, styreleiar**

Hordaland Fylkeskommune



**Magnar Lussand, nestleiar**

Hordaland Fylkeskommune



**Hans Edvard Seim, styremedlem**

Bergen Kommune



**Astrid Farestveit Selsvold,  
styremedlem**

Hordaland Fylkeskommune



**Gunn Berit Lunde Aarvik,  
styremedlem**

Voss Kommune



**Elisabeth E. Tharaldsen,  
styremedlem**

Hordaland Fylkeskommune



**Solfrid Borge, styremedlem**

Ullensvang Herad



## Personlege varamedlemmer:

Frå fylkeskommune:

Sverre Kleivkås som personleg vara for Einar Lutro  
Torill S. Nyborg som personleg vara for Magnar Lussand  
Atle Kvåle som personleg vara for Astrid F. Selsvold  
Dagfinn Vik som personleg vara for Elisabeth E. Tharaldsen

Frå Bergen Kommune:

Anne Gine Hestetun som personleg vara for Hans Edv. Seim

Frå Voss og Hardanger:

Anved Johan Tveit som personleg vara for Gunn Berit Lunde Aarvik  
Hans Petter Thorbjørnsen som personleg vara for Solfrid Borge

**Krav om likestilling mellom kjønna er dermed ivareteke i styret.**

## Aktivitet i meldingsåret

Året 2013 var året då brua endeleg stod ferdig. Den 17.august inviterte prosjektleiinga saman med brustyret og eigarkommunane til storstilt opningsfest. Sjølv opningsermonien var lagt til Vallavik med scene og storskjerm på garden der. Etterpåfølgjande middag på Hotel Ullensvang for inviterte gjester. I Eidfjord var det laga til folkefest for store og små til langt på natt. Liv Signe Navaseter fekk æra av å klippa snora og Arne Hjeltnes leia det heile både dag og kveld.



Frå venste fylkesordførar Tom-Christer Nilsen, ordførar i Ullensvang Solfrid Borge, statsråd Liv Signe Navarsete, ordførar i Ulvik Hans Petter Thorbjørnsen og vegdirektør Terje Moe Gustavsen. (Foto: Knut Opeide)



## Trafikk

Etter opningsermonien den 17.august valgte styret å la trafikken gå gratis fram til kl. 24.00 den 18.august. Den helga passerte 13000 bilar. Etter at innkreving vart starta opp har trafikken utvikla seg som vist i tabell nedanfor.

### Trafikkteljingar pr. dato:

Klasse	Produkt	Gruppering	August	September	Oktober	November	Desember	Pr.dato	% av gruppe	% av tot.
Ukjent		Avskrevet	299	350	472	177	315	1613	0,85 %	0,85 %
		Reproses	10939	12584	8727	5611	4450	42311		22,29 %
			11238	12934	9199	5788	4765	43924	23,14 %	23,14 %
Stor bil		EasyGo	3007	2069	1855	732	494	8157	57,63 %	4,30 %
	Oftrans	Lokal	24	216	380	375	375	1370	9,68 %	0,72 %
	30 % rab.	Lokal	62	64	102	42	54	324	2,29 %	0,17 %
	40 % rab	Lokal	17	38	94	39	8	196	1,38 %	0,10 %
	50 % rab	Lokal	472	1096	1119	819	600	4106	29,01 %	2,16 %
Sum			3582	3483	3550	2007	1531	14153	100,00 %	7,46 %
Liten bil		EasyGo	19218	26649	21999	10444	9261	87571	66,47 %	46,13 %
	Oftrans	Lokal			36	14	24	74	0,06 %	0,04 %
	Milvkj	Lokal	10	63	118	104	74	369	0,28 %	0,19 %
	30 % rab.	Lokal	374	745	848	662	559	3188	2,42 %	1,68 %
	40 % rab	Lokal	151	405	473	376	294	1699	1,29 %	0,90 %
	50 % rab	Lokal	3450	9015	9605	8522	8260	38852	29,49 %	20,47 %
Sum			23203	36877	33079	20122	18472	131753	100,00 %	69,41 %
<b>Sum</b>			<b>38023</b>	<b>53294</b>	<b>45828</b>	<b>27917</b>	<b>24768</b>	<b>189830</b>		<b>100,00 %</b>
Pr. døgn (ÅDT)			2925	1776	1478	931	799	1406		
Prognose			3500	2000	1450	1000	1000	1596		
Differanse			-575	-224	28	-69	-201	-190		
			-16 %	-11 %	2 %	-7 %	-20 %	-12 %		
Statens vegvesen			3325	1769	1469	923	790	1741		

## Økonomi

Rekneskapan for 2013 er ført av Hardanger Økonomiservice AS, Eidfjord som også har sett opp årsrekneskapan. Den viser inntekter for Hardangerbrua A/S etter opning på kr. 31 400 630,10 og eit driftsresultat kr. 23 157 762,53. Av dette utgjer styrehonorar og møtegodtgjersla kr. 84 499,92. Driftsresultatet blir brukt til å betala renter og skriva ned på innkrevingsretten. Avskrivingssummen vert avpassa slik at årsresultatet blir 0.

Ved årskiftet utgjorde innkrevingsretten kr. 1 577 333 389,09, forskottering vegen Bu-Brimnes III kr. 47 000 000,-, kundefordringar kr. 5 493 771,30 og bankinnskot kr. 71 704 465,48. Det vil sei eigendeler kr. 1 701 531 625,87. All kapital er tråd med bompengavtalen plassert i ordinære bankkonti.

Forskotsinnbetalte bompengar på ferja Brimnes – Bruravik på kr. 67 692 449,93 er aktivert som gjeld og blir inntektsførde lineært over innkrevingsperioden på 15 år.

Prosjektleiinga rekvirerte i året ut til saman kr. 116 mill. Totale rekvisisjonar til brua blir dermed pr. 31.12.2013 kr. 1 964 200 000,-. I tillegg kr. 32 000 000,- til tilførselsvegen over Bu-plataet. Saldo på forskottering til det prosjektet utgjer såleis kr. 47 000 000,- Det har vi i tillegg til tilskot og bompengar dekkja inn med låneopptak i Kommunalbanken på til saman kr. 1,6 mrd.

Selskapet har også inngått ein rentesikring (swapavtale) på fastrente til 4,31 % i DnB NOR som iflg. stortingsproposisjonen. Sikringssummen ved årskiftet kr. 1 368 mill. vert redusert kvartalsvis over innkrevingsperioden.

Selskapet sin driftsøkonomi og klare mandat frå fylkestinget i Hordaland og dei andre eigarane, gjer at selskapet har føresetnader for framhald av drifta.

## Revisjon

Rekneskapen er revidert av revisor Frank Ottar Olsen.

## Miljøverknad

I høve selskapet sin formålsparagraf er oppgåva å syte for at Hardangerbrua blir bygd og betalt. Selskapet har inga produksjon med utslepp til det ytre miljø.

## Ymse

Med omsyn til andre økonomiske tilhøve, syner vi til årsoppgjeret som etter styret si oppfatning gjev fullnøyande informasjon om drifta i selskapet og om stoda ved årsskiftet.

Granvin, 27. mars 2014

Einar Lutro  
styreleiar

Magnar Lussand  
Nestleiar

Astrid Farestveit Selsvold  
Styremedlem

Solfid Borge  
Styremedlem

Elistabeth Eide Tharaldsen  
Styremedlem

Gunn Berit Lunde Aarvik  
Styremedlem

Hans Edvard Seim  
Styremedlem



# **Årsrekneskap 2013 for Hardangerbrua AS**

**Foretaksnr. 942032757**

**Utarbeid av:**

Hardanger Økonomiservice AS  
Autorisert rekneskapsførarselskap  
Postboks 40  
5786 EIDFJORD  
Rekneskapsførarnummer 986173943

# Resultatregnskap

	Note	2013	2012
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Passeringsinntekter	1	29 661 592	0
Annen inntekt		1 739 038	0
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>31 400 630</b>	<b>0</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønnskostnad	2	388 070	396 929
Administrasjonskostnader		326 434	280 322
Innkrevingskostnader		834 561	0
Avskrivingskostnader	3	6 693 802	0
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>8 242 868</b>	<b>677 252</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>23 157 763</b>	<b>(677 252)</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Annen renteinntekt	3	338 861	21 571
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>338 861</b>	<b>21 571</b>
<b>Finanskostnader</b>			
Annen rentekostnad	3,4	23 496 624	0
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>23 496 624</b>	<b>0</b>
<b>NETTO FINANSPOSTER</b>		<b>(23 157 763)</b>	<b>21 571</b>
<b>ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>(0)</b>	<b>(655 681)</b>
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
<b>Sum passeringssinntekter</b>		<b>(0)</b>	<b>(655 681)</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>(0)</b>	<b>(655 681)</b>
<b>OVERFØRINGER OG DISPONERINGER</b>			
Overføringer annen egenkapital		(0)	(655 681)
<b>SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER</b>		<b>(0)</b>	<b>(655 681)</b>



**Balanse pr. 31.12.2013**

	Note	31.12.2013	31.12.2012
<b>EIENDELER</b>			
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Innkrevingsrett bompenger	3	1 577 333 389	1 427 552 830
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>		<b>1 577 333 389</b>	<b>1 427 552 830</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Andre fordringer	5	47 000 000	15 000 000
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>47 000 000</b>	<b>15 000 000</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLER</b>		<b>1 624 333 389</b>	<b>1 442 552 830</b>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer		5 482 233	0
Andre fordringer		11 539	373 198
<b>Sum fordringer</b>		<b>5 493 771</b>	<b>373 198</b>
Bankinnskudd, kontanter o.l.	6	71 704 465	140 575 141
<b>SUM OMLØPSMIDLER</b>		<b>77 198 237</b>	<b>140 948 338</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>1 701 531 626</b>	<b>1 583 501 168</b>

## Balanse pr. 31.12.2013

	Note	31.12.2013	31.12.2012
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EGENKAPITAL</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital 15 aksjar à kr 10 000	7	150 000	150 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>150 000</b>	<b>150 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital		21 309 859	21 309 859
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>21 309 859</b>	<b>21 309 859</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>		<b>21 459 859</b>	<b>21 459 859</b>
<b>GJELD</b>			
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
<b>Avsetning for forpliktelser</b>			
Forskotsinnbetalte bompengar	8	67 692 450	61 579 615
<b>Sum avsetning for forpliktelser</b>		<b>67 692 450</b>	<b>61 579 615</b>
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	1 600 000 000	1 500 000 000
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>1 600 000 000</b>	<b>1 500 000 000</b>
<b>SUM LANGSIKTIG GJELD</b>		<b>1 667 692 450</b>	<b>1 561 579 615</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		96 335	0
Skyldig offentlige avgifter		36 359	37 794
Annen kortsiktig gjeld	9	12 246 623	423 900
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>12 379 317</b>	<b>461 694</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>1 680 071 767</b>	<b>1 562 041 309</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 701 531 626</b>	<b>1 583 501 168</b>

Vallavik 27. mars 2014



Einar Lutro  
styreleiar



Magnar Lussand  
nestleiar



Elisabeth Eide Taraldsen  
styremedlem



Solfrid Borge  
styremedlem



Hans Edvard Seim  
styremedlem



Gunn Berit Lunde Aarvik  
styremedlem



Astrid Farestveit Selsvold  
styremedlem



## Noter 2013

### **Rekneskapsprinsipp:**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med lov og god reknekapsskikk. Dei unnataksreglane som gjeld for små føretak er nytta der ikkje anna er spesifisert i notane.

### **Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld**

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som fell til betaling innan eitt år etter siste dag i rekneskapsåret. Omløpsmidlar bli vurdert til lågaste verdi av kostpris og antatt verkeleg verdi (Lågaste verdi prinsipp).

### **Passeringsinntekter og anna inntekt**

Passeringer ved bomstasjonen vert inntektsført til verkeleg verdi på passeringstidspunktet som passeringsinntekter. Tilleggsavgifter og eventuelle purregebyrer klassifiserast som anna inntekt. Forskotsbetalingar frå kundar vert balanseført som anna kortsiktig gjeld og først teken til inntekt når kunder vert belasta for passering.

Selskapet har krevd inn førehandsbompengar på ferjestrekningen Brimnes Bruravik. Desse inntektene er å sjå på som forskotsinnbetalingar som skal dekkja framtidige kostnader og vert derfor bokførde som gjeld. Førehandsbompengane vil verte innteksførde over innkrevingsperioden.

### **Innkrevingskostnader**

Som innkrevingskostnader vert bokført kostnader direkte relatert til innkreving av bompengar.

### **Administrasjonskostnader**

Som administrasjonskostnader føres andre driftskostnader som ikkje direkte er knytt til innkreving.

### **Avviklingskostnader**

Det førligg inga vesentlige avviklingskostnader. Statens Vegvesen eig bomstasjonane og har ansvar for å fjerna dei. Øvrige avviklingskostnader for selskapet er uvesentlege.

## Noter 2013

### Immaterielle egedelar/aktivert innkrevingsrett

Prosjekt og finanskostnader i byggjeperioden som overstig mottekne offentlege tilskot blir aktivert under posten aktivert innkrevingsrett. Prosjektkostnader blir utbetalt til Statens Vegvesen som er byggherre og brueigar. Hardangerbrua AS skal finansiera brubygginga.

Hardangerbrua AS har ei avtale med Staten Vegvesen om at selskapet kan krevja inn bompengar i ein periode på 15 år. Frå brua vert teken i bruk skal innkrevingsretten avskrivast over innkrevingsperioden på 15 år.

Jamfør rettleiar for rekneskapsføring i bompengeselskap er det vald ein progressiv avskrivingsmetode som inneber at selskapet nyttar sitt overskot til avskrivning på innkrevingsretten. Dette inneber at ein auker avskrivingsbeløpa i takt med selskapets evne til å nedbetale på lånegjeld. Metoden vil medføre at lånegjeld/forskotbetalte bompengar og aktivert innkrevingsrett vert redusert parallelt.

### Fordringer

Det vert føreteke ei skjønsmessig vurdering av tap på fordringsmassen pr. 31.12

### Skatt

Selskapet er fritaken frå skattlegging då selskapets føremål ikkje er økonomisk vinning for aksjonærane.

### Note 1 - Inntekter

Inntekter lokale autopass avtalar	4 940 250
Inntekter eksterne autopass avtalar	18 778 609
Inntekter utan autopassavtalar	5 942 733
<b>Sum inntekter</b>	<b>29 661 592</b>

Inntektsført forskotsbetalte bompengar	1 705 889
Tilleggsavgifter	33 150
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>1 739 039</b>

## Noter 2013

### Note 2 - Lønskostnad

Hardangerbrua AS har hatt ein person tilsett i 50 % stiling i heile året.

Spesifikasjon av lønskostnader	I år	I fjor
Løn	344 744	357 387
Arbeidsgjevaravgift	43 326	38 692
Pensjonskostnader	0	0
Anna personalkostnader	0	850
<b>Totalt</b>	<b>388 070</b>	<b>396 929</b>

### Ytingar til leiande personar og revisor

Dagleg leiar	<b>304.000</b>
Løn dagleg leiar	254.000
Styregodtgjersle dagleg leiar	50.000
Godtgjersle andre styremedlem	34 500
Bedriftsforsamling	0
Revisjonshonorar:	
Revisjon	15 000
Andre tenester	0
Samla honorar til revisor	15 000

Selskapet er ikkje pliktig til å etablere obligatorisk tenestepensjon for sine tilsette.

### Note 3 - Aktivert innkrevingsrett, tildelte tilskot og finanskostnader

	2013	2012
Aktiverte utbetalingar	117 539 349	350 000 000
Aktivert netto finans	38 935 012	53 183 988
Overførte fra forrige år	1 964 453 413	1 561 269 425
Tildelte tilskot	-536 900 583	-536 900 583
Aktivert innkrevingsrett	1 584 027 191	1 427 552 830
Avskrivning innkrevingsrett 2013	-6 693 802	
Bokført innkrevingsrett	1 577 333 389	

Selskapet har aktivert netto renter som gjeld innskotsplassingar/låneoptak som ein del av innkrevingsretten. Etter åpningsdagen 17. august er renter kostnadsført i resultatregnskapet.



## Noter 2013

Forskjell i tid mellom låneopptak og utbetaling til Statens vegvesen har medført at selskapet i 2013 har hatt overskotslikviditet. Denne er plassert på renteberande bankkonto. Det er derfor naturleg å aktivere netto av desse rentepostane som finanskostnader i byggeperioden.

Innkrevingsretten er avskrevet frå bompengeretten inntraff 19. august 2013. Det er vald ein progressiv avskrivingsmetode.

### Oversikt renter 2013

Renteinntekter overskotslikviditet	2 051 992
Rentekostnader	-40 987 004
Netto finanskostnader som er aktivert	<u>-38 935 012</u>

### **Note 4 - Lån frå kreditinstitusjonar og finansielle instrument**

Selskapet inngjekk i 2009 ein rentebyteavtale der selskapet betalar 4,31% rente og mottok 3 mnd Nibor. Profilen til denne rentebyteavtalen forutsette ein tidlegare byggestart av Hardangerbrua. Virkningen er at selskapet i 2013 har sikra ca 70% av låna og har flytande rente på resten. Sikringsandelen vil synke gradvis frå dagens 70% til 0% i 2024 då avtala går ut.

Selskapets lån i Kommunalbanken forfell i sin heiltheit i 2028, men selskapet har moglegheit å innbetala avdrag etter ynskje.

Konto	Bank	Lånesaldo 2013	Rentesats
2243	Kommunalbanken 20110325	1 000 000 000	2,250 %
2244	Kommunalbanken 20120350	270 000 000	2,250 %
2246	Kommunalbanken 20130100	230 000 000	2,250 %
2247	Kommunalbanken 20130761	100 000 000	2,250 %

### **Note 5 - Andre fordringer**

Andre fordringer kr 47.000.000 er forskottering av midlar til Statens Vegvesen region Vest til bygging av rv 13 Bulatået. Forskotterte midlar vil bli refundert over Statens vegvesen sitt handlingsprogram for periode 2014-2017, utan kompensasjon for renter.

### **Note 6 - Bankinnskudd, kontanter o.l.**

Skattetrekkinnskudd utgjer pr 31.12. i år kr 29 843 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 30 845.

## Noter 2013

### Note 7 - Aksjekapital

Selskapets aksjekapital består av 15 aksjar pålydande kr 10 000. Alle aksjane har lik stemmerett på generalforsamlinga. Selskapet aksjonærer er:

<i>Aksjonær</i>	<i>Antall</i>	<i>Andel</i>
Hordaland Fylkeskommune	8	53,33 %
Bergen Kommune	1	6,67 %
Eidfjord Kommune	1	6,67 %
Ullensvang Herad	1	6,67 %
Ulvik Herad	1	6,67 %
Kvam Herad	1	6,67 %
Voss Kommune	1	6,67 %
Granvin Herad	1	6,67 %
Sum	15	100,00 %

### Note 8 - Forskotsinnbetalte bompengar

Forskotsinnbetalte bompengar vert bokførde som avsetting til forplikting i byggjeperioden. Desse vert inntektsførd lineært over innkrevjingsperioden på 15 år frå 2013 då brua opnar.

### Note 9 - Annen kortsiktig gjeld

Posten består av påløpne renter på lån og skyldig løn og forskottsbetalingar knytt til autopassavtalar. Forskottsbetalingar knytt til autopassavtalar er kr 11 647 925



## Til generalforsamlinga i **HARDANGERBRUA AS**

### REVISOR SI MELDING FOR 2013

#### Utsegn om årsrekneskapen

Eg har revidert årsrekneskapen for HARDANGERBRUA AS, som er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap som viser eit nullresultat og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

#### *Revisors oppgåver og plikter*

Oppgåva mi er, på grunnlag av revisjonen min, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Eg har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå den tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimat som er utarbeide av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Eg meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen min.

#### *Konklusjon*

Eg meiner at årsrekneskapen er avgjeve i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til HARDANGERBRUA AS per 31. desember 2013 og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Norge.

#### Utsegn om andre tilhøve

##### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen min av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner eg at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om dekning av underskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen min av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar eg har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner eg at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Kinsarvik, 14. April 2014.



Frank O. Olsen  
Registrert revisor.